



Fjellkårsstad rammeverkstad

Bakgrunn for og forklaring til utsleppsløyve for handtering av avfall på gbnr: 150/85 – gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til handtering av avfall i Stryn Miljøpark på gbnr: 150/85 til Fjellkårsstad Rammeverkstad. Løyvet omfattar vilkår for handtering av ordinært avfall og farleg avfall.

Løyvet med tilhøyrande vilkår vert sendt saman med denne oversendinga. Dokumenta må sjåast i samanheng. Dette dokumentet gir bakgrunn for saka, grunngeving for vedtak og nærare tolkingsgrunnlag for dei juridiske vilkåra i løyvedokumentet.

Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda vil få betalingskrav i etterkant.

Vi viser til søknad frå Fjellkårsstad Rammeverkstad dagsett 8.2.2017 om løyve til avfallshandtering etter ureiningslova på gbnr: 150/85. Verksemda har til no halde på på anna stad i Stryn Miljøpark, og vil no flytte ca. 150 m til eigen disponert tomt. Løyve til omsøkt aktivitet på den andre tomta var først gitt 18.09.12, med seinare endring den 13.02.14. Søknaden har vore førehandsvarsla til kommunen, og næraste næringsseigedomer er kjend med planane om etablering.

Når vurdering av søknad endar med utsleppsløyve til aktivitet, vert vedtaket sendt ut som to skriv: dette oversendingsbrevet og løyvedokumentet. Oversendingsbrevet gir nærare grunngeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærare krav i enkelte av vilkåra. I vedlagte skriv (løyvedokumentet) gir Fylkesmannen utsleppskonsesjon (utsleppsløyve) på omtalt stad og for nærare avgrensa aktivitet. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemda må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatta ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll.

Saksframstilling

Fjellkårsstad Rammeverkstad er ei etablert verksemd som tidlegare har drive med innramming av bilete på garden Fjellkårsstad på Blakset. I Brønnøysundsregisteret er verksemda registrert under næringskoden 38.320 sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning. Verksemda har i den seinare tid utvikla si næringsverksemd til å omfatte mottak, sortering og handtering av visse typar næringsavfall.

Verksemda ønskjer no å flytte aktiviteten til gbnr. 150/85 i Stryn Miljøpark.

Verksemnda skal drive med same aktivitet som tidlegare søkt om. Mottak og sortering av avfall stettar dei sentrale prinsippa i avfallshierarkiet. Avfall vert henta frå eller levert av næringsliv og vert handtert for å auke material- eller energiverdien, og for å redusere ulempe og kostnadar med transport til endeleg slutthandsaming. Etter handtering her, kan vidare disponering variere. Ombruk eller materialgjenvinning av verdfulle material eller stoff som har ein verdi, kan føre til at avfallet eller fraksjonar i avfallet kan nyttast til nye material eller som råstoff til produksjon av nye material/stoff. Avfallsfasen opphøyrer med dette, og materialet/stoffet kan inngå i nye produkt.

Aktiviteten medfører også at noko farleg avfall oppstår. Farleg avfall er avfall som på grunn av fare for skade på helse og miljø må takast særskild hand om. Det er berre dei avgrensa typane farleg avfall som følgjer av typane næringsavfall som vert teke imot, som er tillate handtert.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Det har ikkje kome nye merknader til planane om etablering på ny tomt. Tomta er vurdert å liggje på industriområdet utan nærliggande støyfulse bygningar. Fylkesmannen har ved fastsetjinga av vilkåra sett krav til drifta, for å motverke ureining, skade og ulemper ved aktiviteten.

Vi vil streke under at all ureining frå og innsyn til verksemnda frå offentleg område isolert sett er uønskt. Faktorane som vi vurderer har størst innverknad på miljøet, er regulerte gjennom dei spesifikke vilkåra. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast som kjende på anna måte då vedtaket vart gjort. Verksemnda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er ikkje gjentekne i det vedlagte løyve. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemnda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemnda. Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovteksten ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerpning. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei lang rad verksemder i Norge.

Krav til **kompetanse** om handtering av farleg avfall er skjerpa inn i samsvar med tilsvarande krav til denne type verksemder. Verksemnda må dokumentere at dei som handterer farleg avfall har kompetanse om farlege eigenskapar ved avfall og korleis dette må handterast på lovleg måte.

Fylkesmannen finn det ikkje nødvendig å setje krav om oljeutskiljar, men stiller krav til at all handtering av flytande farleg avfall skal skje over oppsamlingskar, på fast dekke med oppsamlingsmoglegheit og at absorbent skal vera tilgjengeleg på anlegget. Oljehaldig vatn og anna flytande farleg avfall må ikkje lekke ut i grunnen.

Av di avfall kan verke skjemma i tillegg til at det skal lagrast farleg avfall på lokaliteten, er det stilt krav om innbygging eller inngjerding.

Verksemnda skal ha system som sikrar at fråsortert avfall tilfredsstillar krav som følgjer av etablerte ordningar for materialgjenvinning av avfall. Dersom det vert oppdaga ulovleg avfall inn til anlegget, må dette sorterast frå og gjevast ei lovleg handtering. Avfallet kan returnerast leverandør dersom det er sannsynleg at avfallet får lovleg handtering, eller så raskt som mogleg transporterast til godkjent mottak. Leverandøren og Fylkesmannen skal varslast om feillevering.

Lagring av avfall bør så langt råd berre lagrast på tett flate og som hovudregel under tak. Mottak av større einingar eller større mengd einsarta avfall – som metallskrap m.m. kan ein av praktiske grunnar likevel lagre ute. Det vert venta at slik mellomlagring skal vere så kort som praktisk råd. På

grunn av varierende aktivitet og omsyn til marknad og effektiv transport, er det opna for at ordinært avfall kan lagrast inntil 24 månader og at farleg avfall kan lagrast inntil 12 månader.

Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan gjenvinne eller utnytte skal leverast vidare til godkjent avfallsmottak. Det er berre Fylkesmannen eller Miljødirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan ta imot avfall.

Det er ikkje gitt særskilte grenseverdier for utslepp av **støy**. Vi vurderer at verksemda er etablert på stad der det ikkje er støyfølsam bygningar som kan ventast å kunne verte utsett for nemnande støy. Merk likevel at unødvendig støy ikkje er tillate, og at Fylkesmannen kan setje krav om støymåling og seinare vurdere om det kan verte nødvendig å vedta særskilte støygrenser.

Alle verksemder brukar **kjemikal** i større eller mindre mengder. Kjemikal kan ein omtale som eit kvart stoff eller stoffblanding som er framstilt av menneske, eller vunne ut/samla opp og tiltenkt spesifikk bruk. Det er utvikla eit omfattande, felles europeisk regelverk (REACH) for kjemikal som kan ha helse- eller miljøeffekt.

Verksemda må sjølv syte for å kontrollere at eigen bruk av kjemikal er i samsvar med regelverket. Særleg viktig er verksemda si kunnskap om sikkerhetsdatablad, REACH-regelverket, disponering som avfall/farleg avfall og utbytting til mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Vilkåret om kjemikal (vilkår 6) presiserer at kjemikal som vert nytta mellom anna må ha rett produktopplysningar i

- seksjon 12 (økologiske opplysningar) der kjemikal som er miljøfareklassifisert skal ha økotoksikologiske data som forklarar miljøfareklassifiseringa til kjemikalet
- seksjon 13 (instruksar ved disponering) – der det skal spesifiserast at kjemikal skal disponerast som farleg avfall (leverast særskilt i farleg avfall – systemet med rett deklarerings) dersom kriteria vert oppfylt
- seksjon 15 (opplysningar om regelverket) der tilvising til norsk regelverk må gå fram.

Kjemikal som ikkje verksemda lenger kan nytte, eller som ingen lenger kan nytte til sitt opphavlege føremål, må leverast som avfall i samsvar med kapittelet i sikkerhetsdatabladet om disponering (kapittel 13). Dei fleste kjemikal som inneheld helse- eller miljøfarleg stoff og som vert avfall, må leverast som farleg avfall.

Kravet til **økonomisk sikkerheit** for slutthandtering av farleg avfall er retta til løyvehavaren. Løyvehavar må sende inn bankgaranti etter nærare rettleiing frå Fylkesmannen, eller på annan måte dokumentere at det er tilstrekkelege verdier i firmaet til å dekke utgifter ved opprydding etter eventuelt opphøyr.

Vi viser også til omtale av bakgrunn for saka i førre oversendingsskriv frå 2.6.2015.

Fordelar ved etablering av verksemda

Verksemda vil med sin aktivitet støtte dei sentrale prinsippa i avfallshierarkiet i Noreg, der avfall skal søkast minimert, før ombruk, materialgjenvinning eller energiutnytting. Verksemda vil ta vare på restverdier i avfall, slik at mest mogleg er tilgjengeleg for materialgjenvinning eller energiutnytting. Etter fråsoring er det lite avfall som skal leverast til sluttdisponering.

Vurdering etter naturmangfaldlova

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova lagt til grunn for vår vurdering av om løyve kan gjevast.

§ 8 naturmangfaldlova – kunnskap om lokaliteten

Lokaliteten på gbnr: 150/85 i Stryn Miljøpark ligg i eit område regulert til industriføremål. Det ligg avfallshandteringsanlegg som naboar i sør, og det er entreprenør/anleggsmaskinaktivitet i området i tillegg til at det ligg både motorsport område og helikopterbase i nærleiken. Det er ikkje registrert større grunnvassførekomstar. Det er heller ikkje registrert prioriterte og utvalde naturtypar på tomta. Eventuell avrenning/overflatevatn frå området vil hamne i Faleidfjorden, som har anteke god økologisk tilstand.

§ 9 naturmangfaldlova – føre var prinsippet

Fylkesmannen meiner det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om natur og naturmangfald om lokaliteten, og vurderer ikkje at etablering av denne verksemda vil gje vesentleg skade på naturmangfaldet.

§10 naturmangfaldlova – økosystemtilnærming og samla belastning

Miljøpåverknad frå verksemda vil i hovudsak vere støy. Verksemda ligg ikkje nær støyfølsame bygningar, og det er ikkje grunn til å tru at støy vil vere ei nemnande ulempe for støyfølsame bygg.

§ 11 naturmangfaldlova – kostand ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Vi meiner dette prinsippet er dekt av vilkår i løyvet der det vert stilt krav om økonomisk sikkerheit for å sikre at motteke avfall vert forsvarleg handtert og vidarelevert dersom verksemda legg ned sin aktivitet. Vidare er det gjennom dei generelle krava stilt i vilkår 2, satt krav til at verksemda pliktar å redusere sine utslepp og at verksemda pliktar å setje i verk tiltak for å fjerne eller redusere fare for ureining.

§ 12 naturmangfaldlova - miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Alle vilkåra som er sett til verksemda i løyvet, er med sikte på å unngå eller avgrense ureining og potensiell skade på miljø, natur, folk og dyreliv. Vi viser også til at verksemda skal etablerast på eit område som regulert til og topografisk er svært godt eigna til å drive den aktiviteten det er søkt om.

Vurdering etter Vassforskrifta

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i vassforskrifta lagt til grunn for vår vurdering av om løyve kan gjevast.

Aktiviteten er vurdert i høve § 12 i vassforskrifta. Det er ikkje grunn til å tru at utslepp frå verksemda vil kunne føre til lågare tilstand enn "god" i vassførekomsten Faleidfjorden med IDnr 0282012100-5-C. Denne vassførekomsten er ikkje ferdig tilstandsklassifisert, men ei førebels vurdering tyder på god økologisk tilstand.

Konklusjon

På bakgrunn av søknad og ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold vurderer Fylkesmannen at det utsleppsløyve etter ureiningslova på nærmare gitte vilkår kan gjevast. Miljøpåverknader og andre ulemper som verksemda vil gje med sin aktivitet, har Fylkesmannen søkt redusert gjennom krav til drifta i utsleppsløyvet.

Løyvedokumentet vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller som er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket er samla i løyvedokumentet.

Fylkesmannen vil føre eit risikobasert tilsyn med verksemda.

Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyrplikt datert 16.11.17, og vedtek med dette at verksemda må betale eit gebyr til staten på kr. 9 300,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. sats 7 i § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter mottak av faktura. Kostnadar verksemda har hatt til annonsering m.m. er ikkje medrekna.

Generelle føresetnadar for løyvet og informasjon om regelverket

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

At ureininga er tillate, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, t.d. arbeidsmiljø-, helse- og brannvernreglar.

Klagerett

Vedtaket om utsleppsløyve og gebyr, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå på saka sine dokument. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet

Vedtaket om løyve vert kunngjort offentleg for dykkar rekning i lokalavisa, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også kunngjort og lagt ut på våre heimesider, <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane>.

Med helsing

Dagny Alvik
fagdirektør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 Stryn



Løyve etter ureiningslova for handtering av avfall i Stryn Miljøpark, i Stryn kommune for Fjellkårsstad Rammeverkstad

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16, og § 11-6 i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i opphavleg søknad om utsléppsløyve av 08.03.11, søknad om midlertidig løyve datert 04.06.12, og søknad om endra løyve den 8.2.2017.

Verksemddata:

Verksemd:	Fjellkårsstad Rammeverkstad		
Adresse, poststad	Stryn Miljøpark, 6783 Stryn		
Gards- og bruksnr.	150/85		
Kommune og fylke	Stryn i Sogn og Fjordane		
Org. nummer (føretak/eigd av)	954 991 024	Org.nr. (verksemd)	954 991 024
NACE-kode	37.100 Gjenvinning av metallhaldig avfall og skrap 38.210 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall 38.220 Behandling og disponering av farleg avfall		

Fylkesmannen sine referansar:

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer
2011/1149	1449.0075.01 (ordinært avfall) 1449.0075.02 (farleg avfall)	2018.0020.T

Løyve gitt: 8.1.2018	Endringsnummer: -	Løyve endra: -
Dagny Alvik Fagdirektør	Gøsta Hagenlund Sjefingeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopiadressatar:
Stryn kommune
Tenden Miljø as

Innhald

0. Føresetnader	3
1. Handtering og rammer	3
2. Generelle krav	3
2.1. Avgrensing av utslepp	3
2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	4
2.3. Tiltakspunkt ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	4
2.4. Nærmiljø	4
3. Handtering av avfall	5
3.1. Kompetanse	5
3.2. Mottak og journalføring	5
3.3. Informasjon til kundar	5
3.4. Ordinært avfall	5
3.5. Farleg avfall	5
3.6. EE-avfall	7
4. Utslepp til grunn og vatn	7
5. Utslepp til luft, støy	7
5.1. Støv	7
5.2. Støy	7
6. Kjemikal	8
7. Beredskap mot akutt ureining o.l.	8
8. Rapportering	8
9. Økonomisk sikkerheit	8
10. Større endringar	9
10.1. Utsifting av utstyr	9
10.2. Eigarskifte	9
10.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	9
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. vilkår 2.1	10
VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport	12

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå dags dato. Fylkesmannen kunngjer løyvet på sine heimesider, og set inn kunngjering i Fjordabladet på verksemda si rekning.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilråra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilråra står i oversendingsbrev, og dokumenta må lesast i samanheng.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

1. Handtering og rammer

Løyvet gjeld ureining og ulempe som følgje av handtering av ordinært avfall, og visse typar farleg avfall, kassert metall og EE-avfall. Årleg mengd avfall er avgrensa til:

	Ordinært avfall	EE-avfall	Farleg avfall*
Årleg mengd innvegd avfall	300 tonn	50 tonn	30 tonn
Maksimalt mellomagra på anlegget, fast avfall	50 tonn	10 tonn	10 tonn

*farleg avfall er avgrensa nærare med EAL kodar i vilkår 3.5

Ordinært avfall: handteringa omfattar: inntransport, mottak, sortering, nedklipping/skjering, omemballering, lagring, omlasting og uttransport til godkjent mottakar. Handteringa omfattar ikkje anna behandling (til dømes biologisk eller termisk).

Farleg avfall: handteringa omfattar: inntransport, mottak, sortering, omemballering, mellomagring inkludert samlagring, omlasting og transport til godkjent mottak (2.aktør eller for sluttdisponering) av dei farleg avfallstypene som er nærare spesifisert i vilkår 3.5. Handteringa omfattar ikkje anna behandling, eller handtering av andre farleg avfallstypar.

EE-avfall: handteringa omfattar: mottak, mellomagring, sortering og levering til sluttdisponering.

Vilkåra gjeld også for handtering av produkt som har opphøyrd å vere avfall etter kriteria i kapittel 18A i avfallsforskrifta, så langt det kan verke skjemmaende eller vere ein fare for ureining.

2. Generelle krav

2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilråra i dette løyvet. Løyvet tillèt utslepp inntil fastsette grenseverdiar, midlingstider eller normverdiar, så lenge utsleppet ikkje vert vurdert å vere unødvendig for den omsøkte aktiviteten.

Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp

av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.3. Tiltaksplikt ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande miljøulemper, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere¹ Fylkesmannen og nabolag

- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at lukt eller støy er høgare enn normalt,
- når mottak av avfall/råvarer viser seg å kunne gje uføresette utfordringar,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- om avfall vert lagra lenger tid, eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda etablere eit dokumentert system for registrering av klagar/meldingar og eiga oppfølging. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

2.4. Nærmiljø

Verksemda skal arbeide etter rutinar som sikrar at ulemper frå lukt, støy, støv, skadedyr, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum.

Alt avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Utandørs handtering og lagring av slikt avfall skal vere omgitt av minst 2 meter høgt gjerde, eller tilsvarande sikring. Utanom arbeidstid skal området vere avstengd med låst port.

Handtering av avfall som kan medføre fare for vassutslepp skal skje innandørs på fast dekke med høve til oppsamling.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

¹ Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

3. Handtering av avfall

3.1. Kompetanse

Alle som handterer farleg avfall skal ha gjennomgått særskild opplæring av anerkjend nasjonalt kompetansemiljø, eller etter Fylkesmannen sine nærare krav. Opplæringa skal mellom anna bidra til å sikre at avfall vert rett klassifisert, at registrering, deklarerings, merking og journalføring er korrekt, at ulike avfallstypar ikkje vert blanda, at emballasje er eigna, og at det vert forsvarleg lagra fram til vidare levering.

Alle som handterer avfall skal halde seg oppdatert om gjeldande reglar og normer og utvikle eigen kompetanse om stoff/avfall som kan takast i mot på anlegget. Verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen skal haldast vedlike og aukast.

Verksemda må vere sertifisert av Miljødirektoratet eller organ dei har bemyndiga, for å tappe av og handtere fluorhaldige kjølegassar frå gamle kasserte kjøletankar.

3.2. Mottak og journalføring

Alt avfall skal registrerast med mest mogeleg nøyaktig vekt. Alle nødvendige opplysningar om avfallet skal journalførast. Kvar levering frå enkeltkunde skal så langt råd, journalførast med eige løpenummer (lagernummer).

Av journalen skal minst framgå: Dato for mottak, avfallsprodusent, mengd avfall, EAL-kode og tal kolli. Det skal og noterast i journalen når avfallet forlet plassen og kor det vert levert (dato og namn). Nødvendige opplysningar om avfallet skal vere lett tilgjengelege ved kontroll. Fylkesmannen kan påleggje mottaksanlegget å sende kopi eller samandrag av alle journalar til Fylkesmannen eller andre.

For farleg avfall må ein i tillegg registrere: deklarasjonsnummer, avfallstoffnummer og ved samdeklarerings - overført samdeklarasjonsnummer.

3.3. Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon med omsyn til kva for typar avfall som kan takast i mot ved anlegget.

3.4. Ordinært avfall

Verksemda kan handtere ordinært metallavfall etter den inndelinga som til ei kvar tid gir best høve til materialgjenvinning eller gjenbruk av avfallstype eller avfallsstoff.

Avfall som vert teke imot for materialgjenvinning eller energiutnytting må lagrast slik at verdien ikkje vert forringa. Skjemmande avfall skal sikrast mot innsyn.

Så fremt fråsortert, ordinært avfall ikkje medfører lukt eller avrenning, verkar skjemmande eller materialverdien vert forringa, kan avfallet lagrast ved anlegget i inntil 24 månader, før vidarelevering til godkjente mottak.

3.5. Farleg avfall

Farleg avfall skal handterast i samsvar med krav i vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta. I tillegg gjeld presiseringane i vilkår 3.5.1 – 3.5.5:

3.5.1 Generelt om mottak av farleg avfall

Verksemda får løyve til å ta imot farlege avfallstypar omtalt i § 11-2 i avfallsforskrifta og som er nærmare spesifisert under. Dette løyvet gjev ikkje verksemda høve til å handtere anna farleg avfall. Dersom verksemda ynskjer å utvide aktiviteten til å handtere andre typar farleg

avfall, må det søkast særskilt om dette til Fylkesmannen. Løyvet omfattar handtering av følgjande farleg avfall:

EAL : *16 06 01: Blybatterier

EAL: *14 06 01 klorfluorkarboner, HKFK, HFK

EAL: *16 02 11 kassert utstyr som inneheld klorfluorkarboner (HKFK, HFK)

EAL: *13 02 05 mineralbaserte ikkje-klorerte motoroljer, giroljer og smøreoljer

Området for handtering av farleg avfall skal vere fysisk skild frå annan aktivitet ved verksemda. Motteke farleg avfall skal ikkje handterast saman med, eller blandast med anna avfall.

3.5.2 Mottak av farleg avfall frå næring

Ved mottak av farleg avfall frå næring skal løyvehavaren sjå til at avfallet er deklarerert². Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklarasjonane er utført korrekt. Den ansvarlege for mottaket må etter førespurnad frå Fylkesmannen informere om verksemdar som ikkje deklarerer korrekt.

3.5.3 Lagring av farleg avfall

Farleg avfall skal lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining. Lagra farleg avfall skal til ei kvar tid ha tilstrekkeleg tilsyn. Som eit minimum skal følgjande tiltak vere oppfylt:

- Farleg avfall skal ikkje blandast med ordinært avfall.
- Fortynning av motteke farleg avfall for å unngå farleg avfall - klassifisering er ikkje tillate.
- Blanding av ulike typar farleg avfall som ikkje kan samdeklarerast, er ikkje tillate.
- Avfallet skal lagrast under tak eller på anna måte vere skjerma mot nedbør, dersom det ikkje kan dokumenterast at annan lagring ikkje medfører større ureiningsfare eller problem ved vidare handtering.
- Avfallet skal lagrast på fast dekke, dersom det ikkje kan dokumenterast at annan lagring ikkje medfører større ureiningsfare eller problem ved vidare handtering.
- Emballasjen skal vere varig merkt med avfallsstoffnummer og avfallstype.
- Oppsamlings- og absorberande utstyr skal i mengd og storleik vere tilpassa maksimal lagringsmengd.

3.5.4. Lagring av farleg avfall og farlege kjemikal i tank

For tanklagring over bakkenivå av farleg kjemikal eller farleg avfall, og der kapasiteten er større enn grenseverdiane i § 18-2 i ureiningsforskrifta, må verksemda tilfredsstillast krava i kap. 18 i ureiningsforskrifta³.

Tankar som er mindre enn kapasiteten som er omtalt i kap. 18 og som vert nytta til lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall, og tankar til andre kjemikal eller flytande avfall skal sikrast og haldast vedlike i samsvar med skriftleg rutine som skal byggje på akseptkriteria etter risikovurdering.

3.5.5. Vidarelevering av farleg avfall

Før avfallet vert levert vidare til eller henta av godkjent mottakar, skal løyvehavar sikre at emballasjen er

- rein og uskadd og eigna for lagring og transport av det aktuelle avfallet,
- merkt med deklarasjonsskjemaet sitt løpenummer påført med vêrbestandig merking,

² Gitt alle relevante opplysningar skriftleg på deklarasjonsskjema godkjent av Miljødirektoratet

³ Kap. 18: Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall

- merkt med avfallstoffnummer (eller annan tilsvarande eintydige opplysning om avfallstype) påført med verbestendig merking,
- merkt i samsvar med regelverket om transport av farleg gods.

Deklarasjonsskjema skal følgje med alt farleg avfall som forlet anlegget.

Maksimal lagringstid for motteke farleg avfall må følgje avgrensinga i avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 2. Dersom avfallet ikkje er lagringsstabil, skal lagringstida reduserast.

3.6. EE-avfall

Verksemda skal så langt råd sortere EE-avfall i grupper som lista i vedlegg 1 til kap. 1 i avfallsforskrifta. Mottak, lagring, sortering og levering av EE-avfall skal skje slik at høvet til gjenvinning/demontering av avfallet ikkje vert redusert, og slik at miljøskadelege stoff ikkje lekk ut.

EE-avfall skal leverast/hentast av godkjent returselskap eller behandlingsanlegg, jf. kap. 1 i avfallsforskrifta

4. Utslepp til grunn og vatn

Verksemda sin aktivitet skal ikkje føre til utslepp til grunnen eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Anlegget skal som eit minimum ha fast dekke med kontrollert fall med høve til oppsamling, på området der farleg avfall vert handtert og lagra. Verksemda skal vidare ha materiale for oppsuging av væske (absorbent) tilgjengeleg på staden.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiding, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

5. Utslepp til luft, støy

5.1. Støy

Aktivitetane må vere lagt opp på ein slik måte at støy ikkje vert spreidd til miljøet. All aktivitet som kan medføre utslepp av støy utanfor eige område skal skje innandørs.

Eventuell utandørs handtering skal skje på fast dekke som må reingjerast jamleg.

5.2. Støy

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over vanleg sette grenseverdiar for støyutsett nabo. Verksemda pliktar å dokumentere støynivå etter nærare krav frå Fylkesmannen. Slik måling/utrekning må gjennomførast av uavhengig firma med dokumentert kompetanse på slikt arbeid. Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Måling må skje i tidsrom det er vanleg aktivitet med maksimalt ekvivalent støyutslepp. Tidsrommet skal vere føremeld til representantar for naboane, kommunen og Fylkesmannen.

6. Kjemikal

Verksemnda kan berre nytte kjemikal der dei har lokalt tilgjengeleg sikkerhetsdatablad på norsk, og der bruken skjer i samsvar med produsenten sine bruksområde og når dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁴ Produkt med forbodne eller strengt regulerte kjemikal etter REACH-regelverket er ikkje tillate brukt.

Verksemnda skal ha dokumentert, samla oversikt over alle kjemikal i bruk eller på lager. Verksemnda pliktar vidare å jamleg vurdere utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemnda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Verksemnda skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

7. Beredskap mot akutt ureining o.l.

Verksemnda skal ha ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling og skjemmaende forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje.

8. Rapportering

Verksemnda skal årleg, innan 01.03, informere Fylkesmannen om mottak og handtering av avfall og om alle miljøtilhøve som kan ha relevans for det ytre miljøet. Informasjonen må innehalde type avfall (NS kode og EAL kode) som er motteke og vidarelevert i driftsåret, og mengde avfall på lager. Informasjonen skal også omtale eventuell unormal drift, avvik som gjeld ytre miljø og tiltak. Rapporteringa må omfatte alle tema som er lista i vedlegg 2.

9. Økonomisk sikkerheit

Verksemnda skal ha finansiell sikring for kostnadar med å ta hand om alt farleg avfall dersom verksemnda legg ned sin aktivitet, stansar drifta eller får betalingsproblem. Utan ein godkjent finansiell sikring kan anlegget ikkje ta imot farleg avfall, dersom ikkje Fylkesmannen særskilt har godkjent mellombels utsetjing av kravet. Type sikring skal vere særskild godkjent av Fylkesmannen.

Så snart som mogleg etter at løyvet er motteke, skal verksemnda sende skriftleg melding til Fylkesmannen om korleis ein stiller sikkerheit.

⁴ Jf. produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

10. Større endringar

10.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

10.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

10.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar lenger enn 1 måned, skal løyvehavar melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemma etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i høve til gjeldande forskrift⁵. Dei tiltaka som vert gjennomført i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemma.

⁵ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. vilkår 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (difenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar	
.....Muskxylen	
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylylar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylylar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylylar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	
2,4,6 tri-tert-butylfenol	
Per- og polyfluorerte organiske sambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar

Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFOA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Siloksanar	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport

Føremål: Å informere tilsynet, kundar og nærmiljø om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåver. Opplysningane er normalt offentleg tilgjengelege.

Rapporteringsform: tekst og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

1. Kort omtale av drifta siste året.
2. Totalmengd avfall som er motteke førre år, og delt etter type (jf. dei 4-sifra kodane i NS 9431). EAL-kode skal spesifiserast så langt råd – jamfør med ramma i løyvet.
3. Lagra avfall pr. 31.12, gruppert som under punkt 3.
4. Levert mengd, gruppert som under punkt 3, og mottakar av vidarelevert avfall. Omtal om verksemda handterer avfall utanom avfallsanlegget.
5. Oversikt over eventuelle skadelege artar og tiltak.
6. Omtale av førebyggjande tiltak, eventuelle unormale hendingar som kan gjelde ytre miljø.
7. Omtale av og eigen vurdering av informasjonstiltak.
8. Omtale av skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
9. Omtale av visuelle tilhøve som kan verke skjemmande.
10. Vurdering av utbytting (substusjon) av kjemikal med andre, mindre farlege kjemikal.
11. Oversikt over type økonomisk sikkerheit, og storleiken på nødvendig, avsett beløp. Vurder om behov for endring. minimum kvart 5. år skal nytt grunnlag sendast inn for godkjenning.